

ÅRSMELDING KEIPEN TURLAG BREMANGER KOMMUNE 1999

1. Styremøter 19.01., 29.07. og 21.10.99.

2. De blei søkt via Bremanger kommune om å anlegge parkeringsplass ved Brandevatnet. Svar frå Vegvesenet er ikkje kome endå.

3. Det er laga forslag til avtaler ang. bruk og tilsyn av Knekkevasshytta og forslag til grunnavtaler mellom grunneigarar, STIF og turlaget ang. Moldahytta. Vi har ikkje fått avtalene ferdigbehandla og underskrivne endå.

4. Det er føreteke synfaring på VETVIKA og teke kontakt med eigarane av bruket Vollen ang. plassering av DNT-hytte på den gamle fjøsmuren der. Hytteforslag er laga. Henvendelsen er ikkje svart på av grunneigarane, men vi får prøve på nytt.

5. I mai/juni vart det bygt tilbygg til Moldahytta og installert do. Tilbygget er ferdig beisa og ferdiggjort.

6. I august vart det utført varding og T-merking av den mykje brukte turstien frå Hunskår til Hornelen. I september vart veivisar laga og montert ved stien på Hunskår og i Hornelsdalen.

7. Turaktiviteten har gått "så nogen lunde". Vi har problem med å skaffe turledere til nokon av turane. Nokre av turane synes og no å vere lite interessante. Eksempel Rognen, der ein turgåarar møtte opp på en nydelig dag. Onsdagsturopplegget i ytre Bremanger er utan ledarar, men den del personer går etter turplanen. Ca. 40 turgåarar er opplyst. "Storturen" i 1999 vart Hornelen 04.07. 70 personar møtte opp med Jostein Nygård som turleiar. Vidare var Oddmund Leirvik turleiar til Hornelen i august med ca. 50 personar frå Indre Sogn og hadde fjellklippa ut ved havet som turmål. Stor interesse ser ein også for det årlege "ope hus" på Knekkevasshytta. 19.05 tok turlaget imot ca. 50 personar der oppe. Vidare kan sekretæren anbefale turen til Staven. Var med på denne 22.08 i lag med 12 andre med Johanna Midttun som turleiar.


8. Turlaget har bygt varde på Gulebrystet som skal brennast nyttårsafta. Tenning k. 17.00. (Dette er ei oppgåva vi har fått tildelt frå 2000-års komiteen).

9. Det er i haust gjort synfaring saman med grunneigarar på Ytrehus over den gamle stien gjennom Ytrehus-marka og opp på Molda. Stien er no for det meste rydda og det vil bli sett opp merkebrikker etter kvart. Dette er er ein gamal sti mellom Ytrehus og Rise og sjølv Slingsby gjekk dette stien frå Kjelkenes til Rise i 1885 då han kom for å gå over Keipen og Ålfotbreen.

10. Keipen turlag v/styret har behandla og gitt uttale til masseuttaket på Setrefjellet på Dyrstad ved Bremanger Quarry A/S.

11. Representasjon: Oddmund Leirvik har vore utsending til årsmøtet og fellesmøte i Sogn og Fjordane turlag. Medlemstal pr. 1999: 59

Keipen turlag
Bremanger kommune
Oddmund Leirvik – leiar-



Sissel Sandvik Igland-sekretær-